



Kommunane i Rogaland

Kontakt saksbehandlar

Björg Karin Gilje Hetland, 51 56 87 42

Utlysing av tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar 2022

Kunnskapsdepartementet vidarefører tilskotsordninga symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar i 2022. Statsforvaltaren i Rogaland har motteke kr 834 000 til føremålet. Kommunen kan søkje om inntil **kr 1 750** for kvar elev. Andre kostnader må kommunen dekke sjølv. Tilskotet skal brukast i budsjettåret 2022. Søknadsfristen er 15. mai 2022.

Midlane skal stimulere kommunen til å gjere ein ekstra innsats slik at nykomne minoritetsspråklege elevar kan få meir og betre symjeopplæring. Mange nykomne minoritetsspråklege elevar har ikkje gjennomført symjeopplæring. Denne gruppa er overrepresentert i ulykker på grunn av manglande symjeferdigheiter. I læreplanen er det eit mål at elevane skal vere symjedyktige etter 4. årstrinn.

Mål for ordninga

Målet er å redusere risikoen for ulykker i samband med bading og å setje elevane betre i stand til å nå kompetansemåla i læreplanen.

Kven kan søkje?

Kommunar som har nykomne minoritetsspråklege barn og unge i grunnskolen og/eller nykomne minoritetsspråklege vaksne med rett til grunnskoleopplæring kan søkje om tilskot.

Målgruppe

Målgruppa er nykomne minoritetsspråklege barn og unge i grunnskolen og nykomne minoritetsspråklege vaksne med rett til grunnskoleopplæring. Omgrepet nykomne minoritetsspråkleg er ikkje konkret tidfesta, sjølv om det betyr ei viss avgrensing i tid. Det er kommunen sjølv som må definere om tilbodet er til det beste for eleven.

Andre elevar som ikkje kan symje eller ikkje har hatt høve til å delta i symjeundervisning, kan også delta i symjeopplæringa. Desse inngår *ikkje* i tildeling av midlar per elev og skal ikkje førast opp i søknaden.

Organisering og vilkår for tilskot

- Kommunen vel sjølv korleis symjeopplæringa skal organiserast.
- Symjeopplæringa kan leggjast til skoletida eller etter skoletid.



- Fleire kommunar kan samarbeide om å etablere eit opplæringstilbod.
- Søknader som beskriv eit samarbeid mellom kommune og frivillige organisasjonar skal prioriterast.
- Heile tilskotet skal nyttast til aktivitetar relaterte til symjeopplæring.
- Kommunen kan søke om tilskot for eit kalenderår om gongen.
- Gutar og jenter skal få eit likeverdig tilbod.

Søknadsfrist er 15. mai 2022

I søknaden skal de m.a. opplyse om korleis de vil organisere symjeopplæringa, namn på skolar og tal på nykomne minoritetsspråklege elevar/vaksne som skal få symjeopplæring, kor mange timar opplæring de planlegg for, og kva beløp de søker om. Bruk søknadsskjemaet som ligg ved.

Vi ber om ein samla søknad frå kommunen til sfropost@statsforvalteren.no

Tildeling og rapportering

Vi sender ut svar innan 15. juni 2022.

Etter gjennomført symjeopplæring skal kommunen rapportere kor mange nykome minoritetsspråklege elevar/vaksne som har gjennomført. Meir informasjon vil stå i tildelingsbrevet.

Nokre kommunar har fått overført tildelte midlar frå 2021 til 2022. Desse kommunane må sende rapport om gjennomført symjeopplæring før Statsforvaltaren kan tildele nye midlar.

Med helsing

Hallgeir Bø
ass. utdanningsdirektør

Björg Karin Gilje Hetland
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK



Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård